

Tilbodet til ungdom med psykiske lidinger eller rusmiddelproblem

Fylkesmannen skal følgje med på og ha oversikt over tilstanden på barneverns- og sosialtenesteområdet i fylket. I 2007 valde Fylkesmannen i Buskerud å undersøke risikoen for svikt i tenestetilbodet til ungdom i alderen 16–20 år som har psykiske lidinger og/eller er rusavhengige.

Fylkesmannen gjekk ut ifrå at denne etter måten store gruppa ungdommar ikkje alltid får dei tenestene dei har behov for og krav på. Årsaka til dette kan blant anna vere manglende samhandling, mangelfull kompetanse og manglar ved tiltaksapparatet. Fylkesmannen har særleg sett på overgangen og samhandlinga mellom kommunane og spesialisthelsetenesta.

Informasjon som er henta inn frå tre sentrale kommunar i Buskerud, stadfestar mangefull oppfølging. Rutinar som skal bidra til forsvarleg overgang frå barnevernstenesta til sosialtenesta ved fylte 18 år, handlar ofte om den tekniske overføringa og kjem i liten grad inn på faglege vurderingar i kvart enkelt tilfelle. Det er ikkje teke høgd for at dette er ei utsett gruppe ungdommar med omfattande problematikk som krev ekstra innsats når dei blir overførte. Det er grunn til å tru at auka ressursar og individuelt utforma tiltak på sikt kan gi ein vinst både for kommunen og ungdommane sjølv.

Når det gjeld samhandlinga mellom kommunane og spesialisthelsetenesta (først og fremst distriktspsykiat-

riske senter og barne- og ungdomspsykiatrien), er kommunane usikre på om opptrappingsplanen for psykisk helse har hatt ønskt effekt for denne målgruppa. Det er inngått samarbeidsavtalar med spesialisthelsetenesta på leiarnivå, men desse er ikkje operasjonaliserte og formidla til utøvande ledd i organisasjonen.

Kommunane meiner at dei i liten grad får generell rettleiing og kompetanseheving frå spesialistnivået. Individuell plan blir i liten grad nytta som eit verktøy for å sikre betre samhandling. Det blir også vist til lange ventelister, få ungdommar som får rett til nødvendig helsehjelp, og at oppstarten av behandlinga blir tilpassa kapasitet og ikkje dei behova kvar enkelt ungdom har.

Budsjettpress i dei aktuelle verksemndene kan påverke kva tilbod desse ungdommane får, og korleis dei blir følgde opp. Det er avdekt sviktande og mangelfulle styringssystem.

Den mangefulle oppfølginga har vore kjend i dei ulike instansane, men lite er gjort for å betre situasjonen. Fylkesmannen har bede alle kommunane i Buskerud om å setje desse problemstillingane på dagsordenen, kartlegge og avdekkje årsaker til eventuell svikt, og utarbeide ein plan som skal sikre betre samla tenester til desse ungdommane.

Fylkesmannen i Buskerud